

## **20.oktober 2024 feirar me at det 90 år sidan Evjens Minne**

**vart vigsla sundag 7.oktober 1934**

### *Viktige hendingar etter 1978:*

06.08.79: Tilsette styrar: Solveig Iversen frå Østfold

31.08.79: Førespurnad frå Kolbjørn Kolsrud om å utvide sokkeletasjen som han leiger. – Avslag

18.09.79: Vedtak om tilbygg. Dette vil gje konferanserom for kaféen, salong for forsamlingsplanet og 2 hybler i 3. høgda. Byggenemnd er: Torleiv Uppsata, Olga Hole, Åge Pedersen, Narve Thorset, Kirsten Haga, Arne Braathen og Otto Hernes. Sistnemnte er skrivar. Arkitekt Stein teiknar utbygginga. Desse var med og bygde: Ingebrigitt Øyre-murararbeidet, Alf Trilhus-elektrikar, Eirik Stølen-snikkar, Lars Ruud-altmogeleg-mann. Fekk på taket hausten 1979. Innreiing vinteren 79-80.

21.12.79: Råd for Evjens Minne oppretta med 4 medlemer + leiaren i Ål Indremisjon. Det er Alf Trilhus, Åge Pedersen, Nils Sire og Sigurd Vefjord. Torleiv Uppsata er leiar for Ål Im.

1980: I årsmeldinga for 1979 står det at det hadde vore eit godt år for EM, med ca 100.000 i overskot.  
- Sidan gjekk det nedover med kafédrifta og i -82 var det underskot på 28.401,78.

30.08.80: Opningsfest for tilbygget. Generalsekr. Gunnar Prestgård og kretssekr. Karlsen kom og kasta glans over opninga. Nytt flygel var også på plass. Ei eigen flygelnemnd med Liv og Sigurd Hukkelberg hadde stått i spissen for å samle inn pengar til dette.

06.11.80: Pensjonærprisen vert sett til kr 1800 pr. mnd frå 01.01.81

1981: Asfaltering utanfor kjøkkenet. Måling av storesalen vert utført av Magne Stølen

1982: Veslesalen blir utvida og teppe lagt på golvet. Byggenemnd: Geir E. Vigdal, Solveig Iversen og Narve Thorset. Guri Slettemoen leiger underetasjen for kr 44.000,- pr år.

1983: Nye glas til kjøkkenet og 3. etg. Otto Hernes flytter. Willy Gryting er tilsett som distriktssekretær i Hallingdal. Lars Ruud vert tilsett som vedlikehaldsmann på timebasis. Guri Slettemoen seier opp leigeavtala i u.etg. EM vart måla utvendig. Ungdomslaget pussar opp veslesalen.

07.10.84 Jubileumsfest for EM 50 år. Landsungdomssekreter Preben Colstrup tala.

1984: Formann i Rådet for EM: Torleiv Uppsata Varaformann: Narve Thorset  
Innkjøp av 100 nye stolar til storesalen. Ål Indremisjon har fått 10.000 kr i gave og oppfordra årsmøtedeltakarane til å gje ei gave (kanskje ein stol?) EM gjekk 80.000 kr i underskot.

1885: Olaf Øyno som bur på EM ga 50.000 kr til EM og seinare 40.000 kr. Anne Grete Slåtto leiger forretningslokale i underetasjen. Nedskjeringar på EM (dei tilsette). Er det forsvarleg å halde fram med drift av kaféen? Heldigvis vart hausten 1985 ein god periode (auka omsetjing og driftsoverskot på 76.000 kr. Noko av grunnen er at Ål Gjestgiveri stengde og avtalene med kommunen om rom til 5 pensjonærar tok til å gjelde frå 1.mars. Varslingsanlegg frå romma til pensjonærane til vaktrommet.

1986: Nye møblar til daglegstugu til pensjonærane. Varmeomnane ved vindauge i kaféen blir skifta.

1988: Drifta av EM om lag som i 1987 (eit lite overskot). Mange gjester på sundagane. Mykje levering av mat ved sidan av mange møte, selskap og minnesamvær etter gravferder.

1989: Krav om at EM blir registrert i Brønnøysund-registeret. Kommunen seier opp avtalen om plassar for pensjonærar frå 01.01.90. Nokre held fram med å bu der og betalar alt sjølve.

1990: Nytt golv på kjøkkenet + nytt avløp frå dampgrytene. Magne Sørnsteby og Narve Thorset, bl.a. er med på dette. Golvbelegget vert truleg lagt av Magne Stølen. Narve Thorset blir ny formann i Ål Indremisjon. Knut Einar Haug blir leiar i Rådet for EM etter Rita Johannessen. - Torleiv Uppsata dør. Underskot for EM på 214.000 kr.

1991: Styrar Solveig Iversen slutta 1.oktober. Lars Ruud slutta å ta seg av vedlikehald frå 1.juni. Narve Thorset tek alt ansvaret som vaktmeister. Underskotet for EM er redusert til 110.000 kr.

1992: Årsmøtet går inn for utleige av kaféen i staden for eiga drift, men ingen interesse.

1993: Underskotet er redusert til 27.536 kr mykje takka vere at det er populært å kjøpe småmat, snittar, koldtbord og julebakst frå Evjens Minne. Dei tilsette blir takka for innsatsen.

Vedlikehaldsarbeidet er naturleg nok halde på eit minimum. Narve Thorset er formann i Ål Indremisjon og skriv i årsmeldinga om styrevegring. Han er også sekretær og kasserar.

15.08.94: EM får gáve frå Herman Tveitehagen på kr 581.630,- Denne vert nytta til å innfri låna frå utbygginga i 1979 i Industribanken og Ål sparebank.

26.11.94: Jubileumsfest med tale av Asle Dingstad, song av Synzygus. Jubileumsgáve og innsamling v/Evjens Venner gáve nesten 50.000 kr. I rådet for EM sit no: Knut Einar Haug, Kåre Oleivsgard, Alf Trilhus, Berit Grøgard, Astrid Strand og Narve Thorset

01.09.95: Ål Indremisjon legg ned kafé/pensjonærdrifta. Inger Sandstad og Knut Einar Haug leiger lokala med unnatak av store-/veslesal/lite kjøkken og overtek dei tilsette. Ho driv fram til 01.07.02. For innsamla midlar vart det kjøpt høgtalaranlegg med teleslynge og stolar til veslesalen m.m.

1996: Bestemt at Rådet for Evjens Minne skal vera Husstyret for Evjens Minne (Kåre Oleivsgard, Alf Trilhus, Narve Thorset, Astrid Strand og Leif Einarsen). Drifta dette året gjekk veldig bra! Positiv omtale! Willy Gryting har lakka golvet i storesalen og måla glasa der.

1997: Nye glas i rom 302 i 3.etg. og 3 glas i kaféen + nytt inngangsparti til kaféen. Sverre Tveito set inn dette. Markiser utanfor glasa i kaféen. Betania, Ål Pinsemenighet leiger lokale fast i fleire år.

1998: Montering av ny nødlysarmatur (mykje dugnad av Alf Trilhus).

1999: Vi fjernar teppet i veslesalen, sliper og lakkar tregolv. Ny dør bak i kaféen. Håkon Haug Laa blir vald til formann i Ål Indremisjon.

01.01.01 fusjonerte Det norske lutherske Indremisjonsselskap, Den norske Santalmisjon og Langesundsfiordens Indremisjonsselskap og vart til Normisjon. Dermed vart Ål Indremisjon til Ål Normisjon.

2001: Arbeid med tanke på framtida for Evjens Minne – mange alternativ vurdert: Halde fram som før, byggje om til leilegheiter i 3.etasje, selja Evjens Minne og byggje nytt, selja murdelen av EM?

12.02.02: Oppslag i Hallingdølen. Styret i Ål Normisjon utset sak om sal av Evjens Minne. Årsmøtet konkluderte altså med å utsetje saka om framtida for EM og gå vidare med å greie ut ulike alternativ med kostnadsoverslag for t.d. ombygging og seksjonering. Astrid Ruud er ny formann i Ål Normisjon.

01.07.02: Håkan Holmstrøm og Ahmed leiger Kafélokalet

12.10.02: Ekstraordinært årsmøte i Ål Normisjon. Ein satsar på nødvendig opprustning av møteplanet, men ventar med anna avgjerd om framtida for EM til saka om eventuelt nytt kyrkjelydshus (samarbeid mellom Ål sokneråd og Ål Normisjon med støtte av Olav Thon) er avklart.

31.01.03: Elkjøp seier opp leigeavtala for underetasjen. Dei vil vera ute innan 1. mars. Dei har leigd sidan 01.06.91 medan Bergbygget vart bygd opp att etter brannen.

2003: Ny ventilasjon i underetasjen. Kommunen vil leige lokale til ungdomsklubben Que Pasa. Kafédrifta stoppar opp. Nokre rom i 3.etasje har i periodar vore utleigde til skuleungdom og andre. Narve Thorset (leiar i Husstyret for EM) har gjort svært mykje arbeid på dugnad dette året. Med seg i Husstyret har han John Håkon Slåtten, Astrid Stranden og Torfinn Slåtto.

21.05.03: Leigekontrakt med Ål kommune på underetasjen frå 01.09.03 – 01.09.08.

30.10.04: EM 70 år. Fest og feiring med bl.a. opptrykk av songen til vigslinga 7. oktober 1934.

2005: Husstyret for EM: Narve Thorset, John Håkon Slåtten, Torfinn Slåtto, Magne Sørstebø og Elin Gryting. Planlegging av nytt kyrkjelydshus er enno ikkje fullført.

01.07.06: Leigeavtale for kaféen med Amand og Aziz (Ål Pizza og Kebab).

11.08.06: Mattilsynet har diverse merknader til kjøkkenet på EM.

2007: Ei nemnd har vore i sving for å greie ut om nytt kyrkjelydshus. Dette har stranda økonomisk. Vi går inn for å satse på huset vi har. Kjøp av projektor til storesalen.

01.10.07: Kafélokalet er leig ut til Leveld teaterlag som kostymelager.

2008: Vedtak på årsmøtet: Ål Normisjon vil arbeide for å overlate EM (bygget og tomta) til ein utbygger med tanke på at me får att det me treng av areal til forsamlingslokale. Endeleg avgjerd og godkjenning skjer på neste årsmøte. Evjens Minne er til sals hausten 2008. Annonse på Finn. Får berre eit tilbod som ikkje er akseptabelt. Eit anna tilbod var for vagt og utsydeleg. Styret i Ål Nm vedtek å pusse opp i staden for. Ingeborg Dahle er vald til ny leiar for Ål Normisjon.

25.11.08 - Flygelet selt for kr 12.000,- Takkvifte i storesalen.

31.12.08: Kjøp av digitalt flygel til storesalen og trådlaus mikrofon til kr 46.790,-.

2009: På årsmøtet vart det formelt vedteke å satse på oppussing av EM – at Ål Normisjon framleis skal eige og drive EM. Ein dugnadsgjeng har gjort ein fantastisk innsats! Leigeinntekter for kafédrift, kommunen sin ungdomsklubb, hybelutleige og utleige av møteplanet gjennom fleire år vore positivt for økonomien. Det vert det innreia kjøkken i den gamle spisesalen og lagt parkett her og i ny spisesal og salong. Taket rundt tårnet vert utbetra. Vi kjøper salongmøblar frå Fretex, investerer i nye lamper og nytt servise. Vi kjøper inn spisebord og stolar til spisesalen. Total kostnad på fornyinga

i 2009 er på kr 513.331,37. Gåve frå Malvin Kvinge på kr 100.000,- Denne vert m.a. nytta til måling utvendig og nye vindauge i veslesalen.

2010. Gåve frå Malvin Kvinge på kr 20.000,-. Lars Stranden har laga ny trapp til loftet. Elektriske trommer kjøpt inn. Ny kjølemaskin montert. Utbetring av det elektriske anlegget. Rep. av tak mellom oss og bankbygget. Jordfeilutbetring. Heimeside på internett. Fjerna belegg og slipt trapp opp til 3.etasje. Nøkkelskål montert utanfor hovudinngangsdøra. Nytt skåp i veslesalen.

21.04.10: Leigekontrakt for kaféen m/Isabella restaurant v/Abbas.

08.05.10: Loppemarknad på EM med resultat på kr 28.000,-. Planer om ombygging av romma oppe.

2011: Ny to-fløya ytterdør til salong + ståldør til loft og ytterdør til rømningsveg 3.etg. montert. 4 år gammal oppvaskmaskin til forsamlingsplanet er montert, den er kjøpt frå Leveldtun. Ombygging av el.anlegg. Nye gardiner. Diverse skilt. Ekstra isolasjon over storesalen. Takvifte nr. 2 i storesalen. Magne Ilstad er ny leiar i Ål Normisjon frå 2011.

31.03.11: Gåve frå Malvin Kvinge på kr 50.000,-. Han dør 04.07.11

2012: Nytt brannalarmanlegg og montering av dette (131.000,-), nytt lydanlegg og miksepult i storesalen, ny utgangsdør frå «predikantrommet» i 3. etg. nye gardiner i storesalen, nye brannslangar, ny logo på murfasade, . Det er laga vaskedugnadsplan (11 x 2 personar). Fjerna oljetank + olje (kyrkja fekk ca. 450 liter)

25.08.12: Isabella restaurant stenger dørene. Får 1 mnd frist til å rydde lokalet.

2013: Oppstart på ombygging til ny leilegheit i 3. etg. ved å slå saman 3 hybelrom og reparasjon av ventilasjonsanlegg. Hengt opp nye høgtalarar i storesalen, lånte stillas hos L.A. Espeland. Problem med ising på det flate taket på siste tilbygg. Har montert vifte for å blåse kaldluft, men det hjelper ikkje. Skifta varmeelement i varmtvass-bereder. Kafélokala står tome.

26.11.13: Leigekontrakt for kjøkken/kaféen med Morau Oma frå 01.12.13 til mai 2014.

2014: Fortsatt med ombygging til ny leil. i 3. etg. (300.727,-) Ny leigebuar flytter inn i leilegheita. Nye rømningslys basert på LED-teknologi og eigne batteri. Ny ytterdør til leilegheit i 3. etg. Vurderer å bygge om kafélokala til leilegheit.

12.08.14: Leigekontrakt med Ål kommune for underetasjen til ein av partane seier den opp.

12.10.14: 80-års feiring for EM. Tore Arnegard har laga morosam historikk. Ca. 85 møtte fram. God reportasje i Hallingdølen.

2015: Ombygging til ny leil. nr 2 ved å slå saman 3 rom (kostnad 197.087,-) himlar ned 5 cm for å få plass til meir isolasjon for om mogleg dette kan hjelpe på isingsproblema på taket. Kommunen flytter frå Que Pasa og lokalet er teke i bruk av Synzygus annankvar tysdag, den andre tysdagen over dei i storesalen. Vi fekk overta kjøkkeninnreiing og biljardbord for kr 10.000,-. Kafélokala står tome. Ny varmekabel i tårngraden. Montert snøfangar over kjøkkeninngang (no bruktbutikk-lager).

2016: Vurderer bruktbutikk i kafélokala. Kontakt med fellesskapsutviklar Marianne Kraft om dette. Lillian Dombeistein kjem på møte 15. juni for å greie ut om bruktbutikk. Dei vil helst ha både

kafélokala og u.etg. Ål Nm vil at ungdomane fortsatt får bruke u.etg. Normisjonen vil likevel satse på bruktb. Lakka golva i store- og veslesal. Torfinn monterer ny projektor. Saga ned stor bjørk bak huset.

2017: Oppstart av bruktb. er sett til 8. juli, men blir utsett til 25. august. Lokala er pussa opp med tanke på dette, bl.a. er det gamle fryseriet rive og laga nytt golv der og det er laga rullestolrampe inn til butikken. Ny ytterdør til butikkklageret er montert. Vi får egedomsskatt på EM. Underetasjen leigd ut til Kafé TID, som vert drifta av fellesrådet i kyrka.

2018: Montert varmekabel i trappa inn til forsamlingsplanet. Montert ny kjøkkenkran og reduksjonsventil i u.etg. Bytta filter og motor til ventilasjonsanlegget i u.etg. Husstyret: Narve Thorset (leiar), Torfinn Slåtto, Rita Johannessen, Magne Sønsteby, Terje Opsata, Håkon H.Laa (vara)

2019: Det er kjøpt inn 8 runde bord til storesalen. Ny projektor, lerret og lydanlegg til veslesalen. Kafé TID flytter til kjellarlokala i Berg-bygget. Varmepumpe i veslesalen vert montert.

2020: Bruktbutikken leiger i u.etg. fordi ungdomane ikkje kan samlast lenger pga Covid. Problem med leigar av leil. som ikkje betalar for seg. Vi hadde også problem med tett kloakkledning dette året.

2021: Vi får lagt inn fibernett og seier derved opp abb. hos Telenor. Vi fekk lekkasje i butikklokala. Det syntes seg seinare at dette var pga eit sprekt avløpsrør frå etg. ovanfor. Vi bytta om to dører i gangen utanfor salane, derved fekk vi lys inn i gangen. Veslesalen vert fornya. Det er montert ny peisovn, lagt teppeflisar på golvet og sett inn salongmøblar. Musikkhjørnet i storesalen vert flytta til andre sida, Linjekabelen måtte difor leggjast om. Ved å bore hol i golvet, kunne ein legge kabelen under og gå rett fram slik at kabelen vart lang nok. Berit Kilde er ny leiar i Ål Normisjon.

2022: Vi får ny leverandør av heimesida. Vi monterte ny luftehatt på taket over leil. 2, i håp om at vi får mindre ising. Bruktbutikken sette opp møbeltelt utanfor storesalen for å kunne ta imot fleire møblar. Vi selde biljardbordet til karane som kjøpte meieribygget. Vi selde oppvaskmaskina som sto i det gamle kjøkkenet til vestlandet. Det er kjøpt inn arrangement-tavle som står ute ved vegen. Vi byter forsikringsselskap frå KNIF til Gjensidige.

2023: Vi har kjøpt inn 7 nye varmeomnar til storesalen. Desse vert styrt trådlause via internett. Gjensidige ville vi skulle ta ein EL-kontroll. Den avdekka ein del manglar som vi har utbetra. Det vart kjøpt inn to nye varmepumper til bruktbutikken mot at dei fekk auka leige. Det var misjonsutstilling i storesalen heile sumaren i samband med «Go for it» arrangementet.

2024: Torfinn Slåtto overtek som leiar i husstyret. Problem med lekkasje i oppvaskmaskina er utbetra.

20.10.24 Vi feirar 90-årsjubileum for Evjens Minne.